



NHB Bolig Vest AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2963 - 16/7990

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
22.04.2016

## Godkjenning- GBNR 23/325 - Søknad om løyve til tiltak oppføring av tilbygg til eksisterande einebustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 106/2016**

**Tiltakshavar:** Stian Korneliussen  
**Ansvarleg søkjar:** NHB Bustad Vest AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Omsøkt tiltak:

Ved søknad journalført 5.4.2016 har NHB Bustad Vest AS søkt om løyve til oppføring av påbygg til einebustad på gbnr 23/325 i Meland kommune. Påbygget er opplyst til å vera 28,7 m<sup>2</sup> BRA. For skildring av tiltaket elles vert det vist til søknaden med vedlegg.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket ble nabovarsla i perioden 9.10 – 11.11.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader til gjennomført varsling.

#### Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 23/325 er i reguleringsplanen for Industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka (arealplanid: 125619780310) regulert til bustadområde. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen

Plassering, høgde, utnyttingsgrad, parkering og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla godkjent 22.4.2016. Slik tiltaket er skildra gjennom søknaden med vedlagt dokumentasjon, legg administrasjonen til grunn at tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4 i høve til plassering og avstand frå nabogrense.

Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 30 %, jmf. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) pkt 1.6.14. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen.

Utforming, planløsning, funksjon og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløsning og utsjånad og vert elles vurdert til å vere i samsvar med krava til utforming og visuelle kvalitetar i pbl §§ 29-1 og 29-2, jf plan- og fasadeteikningar stempla godkjent 22.4.2016.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 1.4.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1, jf § 20-3, løyve til oppføring av påbygg til ein bustad på gbnr 23/325, jf søknad journalført 5.4.2016.

Plassering og utforming av påbygget skal vere som vist på vedlagt situasjonskart og plan- og fasadeteikningar journalført stempla godkjent 22.4.2016. Minstegrensa på 4 meter frå nabogrense er absolutt dersom anna ikkje følgjer av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framtid ikkje anna følgjer av dette vedtaket.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20160422131216

**Mottakere:**

NHB Bolig Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ